

Eg er ein vesal bonde

Tone: Goddag godtfolk

- 1) Eg er ein vesal bonde, utav dei simple smaa
aa hev so lite stunde, aa hutla meg ifraa
Eg maatte laus meg riva, eg fekk slik svere trong
i vesaldom aa skriva, um skrapeskap ein song
- 2) De vanska no aa leva, aa berga liv aa sjel
ein færast myllum reva, ein fær 'kje alti vel
De' for da mesta skryte, so no ein held utaa
Aa udomar aa lyte, ein varlegt brøye paa
- 3) Aa alle hugar vonde, so freista menneskje
Dei nørre ein uppunde, vert innpaatrengjande
Aa faar dei først regjera, so vil den faare skje
Dei øydar folkets æra, aa tyne all vor fredag
- 4) Eg vil 'kje noko løyna, men seia so som da er
at etter so me røyna, det vrang vegar bær
ein veit naar vonde magte, seg skipa til ei nemd
aa spela sine akte, det vert til skam og skjemd
- 5) De' stygt so vondt aa meina, men naar me røyna faa
dei mange lure sveinar, kven er aa lita paa
so mangan ein vert narra, lid ska aa stor fortred
av stygge janus klassa, slikt er nok harmeleg
- 6) Slikt er 'kje rare tingo, i heim aa grannelag
Da greve nedfor bringo, aa avlar hjartegnag
I samlingar aa møte, daa er det ilt aa leitt
men daa er folk so søte, aa difor gjeng det greitt
- 7) Eg skal no berre minna, um det slags narreri
imylum mann aa kvanna, so kallast frieri
forlova uppadslegne, ja jamleg gjeng da so
Aa endeleg bedregne, aa saara indtil blo
- 8) Kva vil no ditta seia, kva veg no slikt for Gud
ein faar nok gjera greia, ein faar betala ut
te saara kan aa kjøva sin næstes elsk aa hug
Ja tyna burt aa røva hans hyggja, mot aa hug
- 9) I slikt aa i alt anna, so hjarteelskje kræv
Da skull ein ikkje blanna, med altslags tøv aa vev
den allehøgsta æra, me visa Gud aa mann
naar elskje med faar væra, aa knyta slike band
- 10) Vil me Vorherre dyrka, me aag hans veg maa ga
i heimen aa i kyrkja, aa paa kvar heilag sta
Daa kan ein ikkje hylla, aa fremja svermeri
aa upp sitt hjarta fylla, med tull aa grilleri

11) Me skull meir aalvor visa, aa syna kva me vil
uti kvar stri aa krisa, vort godord leggja til
ein skull kvarandre famna, med elsk aa gode ord
for elskjen den hev jamna, so mange ting paa jord